



ADVOKATFIRMAET SCHJØDT AS AVD ÅLESUND
Postboks 996 Sentrum
6001 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Att.: Erik Staurset Andresen

Endring av løyve som svar på klage på vedtak

Vi syner til brev frå Advokatfirmaet Schjødt AS v/ advokat Erik Staurset Andresen datert 09.06.2023 med delvis klage på vårt vedtak om utsleppsløyve gitt ABP Aqua Mongstad AS datert 08.05.2023. Vi syner og til våre svar sendt til Advokatfirmaet Schjødt AS den 05.09.2023 og til Vestland fylkeskommune den 05.09.2023.

For at det ikkje skal vere uklårt kva vi har gitt løyve til, har vi gjort endringar i punkt 1 og punkt 3.1 i utsleppsløyvet. Oversendingsbrevet som følgjer utsleppsløyvet er ikkje endra.

Klagerett

ABP Aqua Mongstad AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket.. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Endra løyve følgjer som vedlegg.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve til utslepp for ABP Aqua Mongstad AS for landbasert oppdrett på lokaliteten Mongstad i Alver kommune 08052023
- 2 ABP Aqua Mongstad ENDRA løyve

Kopi til:



VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN



Sjå mottakarliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Løyve til utslepp for ABP Aqua Mongstad AS for landbasert oppdrett på lokaliteten Mongstad i Alver kommune

Vi viser til søknad frå ABP Aqua Mongstad AS datert 28.06.2022.

Vedtak

Statsforvaltaren gir ABP Aqua Mongstad AS løyve til utslepp frå landbasert oppdrett av laksefisk. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå 08.05.2023. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

ABP Aqua Mongstad AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 74 800 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Fristar

Vilkår nr.	Innhald	Frist
12.	Plan for overvaking av resipient og sårbar natur	Innan 01.01.2025 eller innan årleg produksjonen overstig 500 tonn
11.2	Rapportere miljødata og ev. avvik frå løyvet	1. mars kvart år
12.4	Strandsonegransking	Årleg, i løpet av sommarhalvåret
12.3	Hydrografimålingar	Skal inngå i overvakingsprogrammet
12.5	Makroalgegransking	Skal inngå i overvakingsprogrammet
12.1 og 12.2	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	Minimum kvart fjerde år



Kort om bakgrunnen for saka

ABP Aqua Mongstad AS har søkt om løyve til landbasert produksjon av settefisk, postsmolt og matfisk av laksefisk på lokaliteten Mongstad i Alver kommune. Anlegget skal driftast på bruk av avsalta sjøvatn, inntak av sjøvatn til matfiskdelen. Settefiskproduksjonen skal skje i eit RAS anlegg, medan matfiskproduksjonsdelen skal skje i eit gjennomstrømningsanlegg med gjenbruk av vatn (forkorta FTS-R, Flow Through System – with Regeneration). Lufting og oksygenering av vatnet skal redusere vassbehovet til 40% i høve til rein gjennomstrømningssteknologi. Planen er å brygge ut anlegget i fire modular. Reinsetiltaka i anlegget skal vere slamoppsamling ved filtrering.

Anlegget skal etablerast på Mongstad industriområde. Det er laga «Reguleringsplan for grøn omstilling Mongstad» for området der oppdrettsanlegget skal plasserast.

Generelt om landbasert oppdrett

Landbasert oppdrett av laks er ikkje noko nytt. Det første forsøka tok til sist på 80 talet. Etter meir enn 30 år med forsøksverksemd og over 100 anlegg som er starta eller i prosjekteringsfasen, er den samla globale produksjonen av laks på land omlag 10.000 tonn. Nøyaktig kor mange anlegg som er komen i drift har vi ikkje tal på, men truleg ein stad mellom 20 og 40 anlegg.

Statsforvaltarane har dei siste to- tre åra mottatt mange søknader om løyve til landbasert oppdrett av matfisk av laks. Felles for mange av desse søknadane er at det blir søkt om utsleppsløyve for ein svært stor produksjon. Store anlegg vil ha store utslepp av næringssalt. Eit enkelt og litt grovt estimat tilseier at produksjon av 1 tonn fisk har nitrogenutslepp tilsvarande avløp frå 10 personar (10 PE, eller personekvivalentar). I dette løyvet er det gitt tillating til utslepp av 357 tonn nitrogen, tilsvarande 81 500 PE.

Planane for landbaserte anlegg er svært store samanlikna med tradisjonelle merdanlegg. I Vestland er det registrert 271 lokalitetar for matfisk- og stamfiskproduksjon. I 2021 var totalt sal av laks 343.000, eller 1266 tonn pr lokalitet per år. Dette talet er ikkje rett tal for gjennomsnittleg produksjon på matfisklokalitetar i Vestland, då ikkje alle lokalitetar er i bruk til ein kvar tid, og tal lokalitetar inkluderer stamfisklokalitetar og fou-lokalitetar. Gjennomsnittleg lokalitets-MTB i Vestland er kring 2800 tonn. Vanleg lokalitetsutnytting reknar vi å vere kring 1,5 gonger lokalitets-MTB over ein to-årsperiode. Det gir ein gjennomsnittleg årleg produksjon i eit matfiskanlegg i sjø i Vestland til å vere 2.100 tonn.

Når det blir søkt om ein årleg produksjon på 44.000 tonn, er det for ein produksjon på storleiken med den årlege produksjonen på 19 gjennomsnittlege matfisklokalitetar i Vestland.

Korrespondanse

Søknaden er datert 28.06.2022, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 18.08.2022. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt 12.01.2023.

Merknader og fråsegner

Etter offentleg høyring av søknaden kom det merknader frå oppdrettarar i Fensfjorden og Austfjorden. Dei er uroa for at utsleppa av næringssalt vil vere så store at dei tek opp resipientkapasiteten i fjordbassenget og dermed hindre etablerte aktørar å kunne vidareutvikle bruk av sine lokalitetar. «Konsekvens i forhold til kjemisk og økologisk tilstand for vassførekomsten må grundig vurderast. Konsekvens for etablerte aktørar, både i notid -og framtid må også grundig vurderast av



sektormyndigheter.» Dette er tema som skal handsamast av både Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune.

Merknaden frå Equinor tek opp tema av privatrettsleg karakter og tema i høve til matvaretryggleik. Dette er tema som ikkje blir handsama av Statsforvaltaren ved tildeling av utsleppsløyve.

Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndighetene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).

Konfliktar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune (jf. punkt 3.1.) om konfliktar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.



Statsforvaltaren si vurdering

Grunngjeving for vedtaket

Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Landbasert oppdrett har frå eit miljøperspektiv nokre fordelar. Reinsing av utsleppa fører i første rekke til eit lågare fotavtrykk i resipienten målt på botnpåverknad. Landbasert produksjon vil truleg ha lågare utslepp av plast og antigroemiddel. Landbasert produksjon er venta å kunne eliminere problema med lakselus og dermed har mindre påverknad på villfisk.

Det vil framleis vere utslepp av organisk materiale, oppløyste nærings salt, kjemikal (reingjeringsmiddel, legemiddel m.m.) og miljøgifter som følgjer med fôret. Landbasert oppdrett har og høgare energibruk.

Prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Vi har nytta det samla naturfaglege kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som Statsforvaltaren disponerer ved vurderinga av søknaden.

Søkjjar har gjort greie for registrerte naturverdiar i området slik dei er tilgjengelege som registreringar i tilgjengelege databasar. Det er ingen andre registreringar i dei tilgjengelege databasane som vil kunne kome i konflikt med eit landbasert oppdrettsanlegg på Mongstad. Samstundes er kunnskapen om naturmangfaldet i våre marine økosystem avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder.

Verknaden på resipienten av utsleppa av nærings salt og organisk materiale til Fensfjorden blir vurdert som å vere innafør akseptgrensene. Overvaking av resipienten er naudsynt for å følgje utviklinga.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

ABP Aqua Mongstad AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Utslepp og utsleppsreducerande tiltak

I dette løyvet er det sett krav om utsleppsreduksjon. Statsforvaltaren sitt vedtak skal vere teknologinøytralt. I dette dokumentet har vi gjort greie for korleis vi har rekna utsleppsmengdene. Dette avviker noko frå søknaden, og utrekningane er gjort på same måte som vi krev i rapporteringa av utslepp.

I søknaden er det forventet 15 % reduksjon av nitrogenutsleppa. Samanlikna med kva vi har fått rapportert frå settefisk- og postsmoltanlegga, så ser dette som optimistisk anslag, men innafør variasjonsbreidda frå dei rapportane vi har for settefisk- og postsmoltanlegga.

Stor produksjon vil ha store utslepp av nærings salt og små partiklar av organisk materiale. I dette løyvet er det berre sett krav om filtrering av utsleppsvatnet. I dag blir det ikkje sett like krav til akvakulturanlegg og avløpsanlegg. Her kan det framtida kome endringar der utslepp nærings salt frå akvakulturanlegg og avløpsanlegg blir handsama meir likt. Det kan innebere mogleg framtidige krav om høgare reinsegrad, t.d. i form av krav om nitrogenfjerning frå avløpet.



Oppbygging av eit så stort anlegg som det er planar for på Mongstad vil truleg ta lang tid (fleire år). Oppbygging av anlegget skal følgjast med overvaking og justering av vilkåra i utsleppsløyvet. Vi vil rå ABP Aqua Mongstad AS til å planlegge anlegget slik at det ikkje blir låst til tekniske løysingar som ikkje kan møte endringar i krav om reinsing eller møte generelle krav om BAT i næringa.

Overvaking av utsleppa blir viktig. I dag er det eit felles overvaksingsprogram for Fensfjorden leia av Statsforvaltaren. Dette programmet går fram til sommaren 2025. Krava om overvaking skal bygge på dette programmet. Dei største utsleppa til Fensfjorden vil kome frå dei to store landbaserte oppdrettsanlegga som er plasserte på kvar si side av fjorden. Det vil vere føremålstenleg å koordinere overvaksingsprogramma for desse to lokalitetane.

I dette løyvet er det skissert nokre rammer for overvaking av utsleppa og effektane på resipienten. Løyvet set krav om ein del av innhaldet i overvakinga, men er ikkje endeleg. Det er føreset at ABP Aqua Mongstad AS leverer eit framlegg til endeleg overvaksingsprogram seinast innan 01.01.2025 eller før årleg biomasseproduksjonen overstig 500 tonn.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg for produksjon av laksefisk på Mongstad er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved samanstilt med fordelar og landbasert produksjon elles vil medføre, gjev vi løyve til ABP Aqua Mongstad for ein årleg biomasseproduksjon på 11.200 tonn på nærare fastsette vilkår.

Grunngjeving for utvalde vilkår

Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 2.7 og 6 i løyvet)

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 2.7 om internkontroll og vilkår 6 om kjemikal. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av kjemikala knytt til medisiner og parasitt bekjemping verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

Støy og lys (vilkår 7.1 og 7.2 i løyvet)

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 7.1. Vi har nytta standard grenseverdiar for støy som vilkår i løyvet.

Utslepp av plast (vilkår 9.4 i løyvet)

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå eit oppdrettsanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi vilkår om at all aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal verksemda utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette, jf. vilkår 9.4 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 12 i løyvet)

Det er søkt om en svært stor produksjon og utsleppa blir store. Overvaking blir viktig for å kartlegge effekten utsleppa har på miljøet. Anlegget skal byggast opp over tid i fire modular. Overvaksingsdata vil vere avgjerande for utviding av utsleppsløyvet.

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som



utsleppa har på miljøet. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen.

Fråsegn til fylkeskommunen om verknader for natur og friluftsliv

Anlegget på Mongstad er plassert innafor eit større industriområde der friluftslivinteressene er fråverande. Utsleppa frå anlegget kan få konsekvensar for marin natur, men dette blir regulert gjennom vilkåra i utsleppsløyvet.

Vi minner også om at den framande arten havnespy (*Didemnum vexillum*, japansk sjøpung) er funne i fleire hamneområde på Vestlandet. Alle tiltakshavarar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med sin aktivitet, jf. naturmangfaldlova § 28 og forskrift om framande organismar § 18. Vi har så langt ikkje kjennskap til påvist eller mistenkt førekomst av havnespy i Fensfjorden. Vi har meir informasjon om havnespy på nettsida vår, som vert jamleg oppdatert.

Fakta grunnlag

Generelt om utslepp frå akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Generelt om utslepp frå landbaserte anlegg

Matfiskoppdrett på land er enno i startfasen og vi har lite erfaringsdata frå slike anlegg. Men Statsforvaltaren har i fleire år sett krav om utsleppsrapportering frå landbasert settefisk- og postmoltproduksjon. Vi har erfaringsdata om reinseeffektar og utsleppsmengder frå slike anlegg. Meir info er å finne i NIVA-prosjektet¹ frå 2022, eit samarbeid med m.a. Statsforvaltaren i Vestland.

Det er store vassmengder som skal gjennom eit anlegg med stor produksjon. For å redusere pumpekostnadene blir det nytta ulike former for vassparing, i praksis ulike former for resirkulering av vatnet med utlufting av karbondioksyd, oksygentilsetting og reinsing (avgiftning) av vatnet som skal tilbake til fisken. Når det kjem til utslepp frå anlegget er det vår erfaring at det ikkje er systematisk skilnad på reine gjennomstrøymingsanlegg og RAS-anlegg. Det er ikkje vassparinga som gir reduserte utslepp. Våre erfaringsdata frå settefisk- og postmoltanlegg syner at den sterkaste korrelasjonen til utsleppsmengder er fôrfaktor, jf. figur 1. I settefiskanlegga ser vi at kontroll på fôrfaktor kan har større innverknad på utsleppa (målt som spesifikke utslepp) enn reinseanlegga.

Reinseeffekten, målt som %-vis reduksjon av nitrogenutsleppa, er knytt til fôrfaktor, og kan ikkje nyttast som mål på utslepp. Vi ser og at det variasjonar mellom anlegg, og vi har erfart at reinseeffekten kan koplast til korleis anlegget er bygd opp. Fôrtiklar og fiskeavføring blir oppløyst og knust til små partiklar, det er viktig at filtrering av partiklar skjer så tett inntil karet som mogleg.


Reinsing av vatnet i eit RAS anlegg har som hovudfunksjon å reinse vatnet som blir før tilbake til tanken (og fisken). Reinsing av utsleppa frå eit RAS anlegg er i prinsippet partikkelfiltrering av vatnet

¹ <https://www.niva.no/nyheter/utslipp-fra-landbasert-oppdrett>



som går til utslepp. Neste nivå av reinsing er i praksis å redusere utsleppa av dei oppløyse næringsalta av nitrogen og fosfor. Slik reinsing er velprøvd i større avløpsanlegg. Dei krev store investeringar og det er knytt høge kostnader til nitrogenfjerning.

Sjølv om det er sprikande resultat frå dei rapportane vi har fått inn, har dei likevel ført til auka kunnskap om utsleppa. Så lenge anlegga berre har partikkelreinsing vil hovuddelen av utsleppa vere oppløyse næringsalt. Grovt sett er samansetjinga av utsleppa før reinsetiltaka beståande av to tredeler oppløyse næringsalt og ein tredel partikulært organisk materiale. Det meste av det organiske materialet er finpartikulært og let seg ikkje samle opp ved filtrering. Alle anlegga sett under eitt, reduserer brutto utslepp av nitrogen med i snitt om lag 10 – 12 %, men det er store skilnader mellom anlegg. Faktorar som ser ut til å medverke til reinseeffekten er i kva grad partiklane går i oppløysing, bruk av flokkulantar, og avstanden mellom kar og filter. Så langt tyder våre erfaringstal at det er fôrfaktor som har størst innverknad på utsleppa frå landbaserte anlegg.



Figur 1: Spesifikke utslepp av nitrogen (utslepp av kg nitrogen per tonn produsert fisk) frå settefisk- og postsmoltanlegg i Vestland.

Utsleppsmengder

Statsforvaltaren nyttar ein modell for utrekning av utsleppsmengder basert på stoff-flyt i anlegget. Enkelt forklart er han basert på føresetnaden om at utsleppa av nitrogen, fosfor og karbon kjem frå mengda som finst i fôret som er nytta. Stoffmengda som er att i fisken som er produsert (inkl. daudfisk) og slammet som er samla opp er trekt frå. Denne standardiserte reknemåten er og eit krav ved den årlege rapportering av utsleppsmengder, og er lik for alle anlegg.

I søknaden frå Mongstad er det oppgitt ei forventa fôrfaktor på 1,1 og 15% reduksjon av nitrogenutsleppa. Reknestykket går opp under føresetnad av ein slamoppsamling tilsvarande eit tonn slam per tonn fisk som blir produsert når slammet har eit tørrstoffinnhald på 10%. Utsleppsløyvet frå Statsforvaltaren definerer utsleppet som spesifikke utslepp som det meste relevante målet for utslepp som har innbakt proporsjonalitetsprinsippet. Utrekningane av spesifikke utslepp er sett som utsleppsgrenser i løyvet. Desse tala avviker noko frå søknaden. Utsleppsløyvet skal justerast etter kvart som anlegget blir utvida med neste modul. Det er truleg at erfaringsdata frå matfiskproduksjon vil vere annleis enn dei vi har for settefiskproduksjon.



Utslepp		Eining		
Forbruk av fôr	12 320 000	Produksjon av fisk	11 200 000	kg
Produksjon av slam	11 200 000		1 120 000	kg tørrstoff
Tørrstoffinnhald i slam (%)	10,0			Fôrfaktor
Nøkkeltall, sammensetningen i		Nitrogen	Fosfor	TOC
fôr, oppgitt av fôrleverandør		5,91	1,01	50 % av TS i fôret
fisk, standardtall		2,76	0,4	25 % av fisken
slam, målt av oppdretter		5,5	2,5	50 % av tørrstoff
Beregning av utslipp		N	P	TOC
Brutto utslipp, før rensing		418 992,00	81 872,0	1 691 200 kg ⁻¹
Netto utslipp, etter rensing		357 392,00	53 872	1 131 200 kg
Spesifikt utslipp (m/rens)		31,9	4,8	101 kg/tonn biomasse
Renseeffekt		14,7	34,2	33 prosent
Spesifikke utslipp er utslipp av kg N, P og TOC per tonn fisk som er produsert				
Renseeffekt definert som (netto utslipp)/(brutto utslipp)*100				

Figur 2: Utrekning av utslippsmengder frå anlegget på Mongstad.

Kjemikal og miljøgifter

Produksjonen vil ha utslipp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslipp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusing har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Plast og marin forsøpling

Landbaserte anlegg nyttar og store mengder plast og slitasje vil medføre utslipp av mikroplast til det marine miljøet. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda.

Avfall og biprodukt

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslipp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslipp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslipp til miljøet.

Støy

Anlegget er plassert på eit større industriområde. Utslepp av støy blir vurdert som mindre utfordrande. I løyvet er det sett standard grenser for støyutslipp.

Tilhøvet til plan

ABP Aqua Mongstad sitt anlegg er plassert på eit både større og eldre industriområde i Alver kommune. Det er laga «Reguleringsplan for grøn omstilling Mongstad» for området der oppdrettsanlegget skal plasserast.




Resipient og lokalitet

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

Vassførekomsten Fensfjorden (0261040101-11-C)

Vassførekomsten er ein djup fjord med opning ut mot ope hav som synt i figur 3. Det er ingen markerte tersklar ved innløpet til fjorden, men havområda utanfor er noko grunnare. Djupaste punktet ligg i Austfjorden ved Kråko, med 672 meter djupne.



Figur 3: Topografien i Fensfjorden, Mongstad er markert med raudt punkt.

Skjermdump frå kystinfo.no.

Vassførekomsten er i Vann-nett oppført med moderat økologisk tilstand grunna overskriding av grenseverdi på eit vassregionspesifikt stoff (dibenzoanthracene). Vassførekomsten har svært god tilstand målt på makroalgar, botnfauna, næringssalt og oksygen, men dårleg kjemisk tilstand grunna høge målingar av fleire miljøgifter (anthracen, PFOS, benzoperylen, benzofluroanten, tributyltinn og kvikksølv).


Miljøgranskingar

I samband med søknaden er det gjort førehandsgransking i form av standard resipientgransking med botndyrgranskingar. I tilknytning til industrifeltet på Mongstad er det gjort ei rad resipientgranskingar for å overvake utsleppa frå prosessanlegga. Kunnskapen om miljøgifter i denne vassførekomsten er god. Faunaanalysar syner at miljøtilstanden målt på biologiske paraterarar er god.

Statsforvaltaren har registrert at fleire vassførekomster har fått moderat miljøtilstand som følgje av høge sinknivå i sedimenta. Sink kjem frå m.a. industriutslepp, offeranodar og havbruk. Grensa mot




tilstandsklasse «moderat» går ved 139 mg Zn/kg sediment. Det er gjort fleire målingar over det nivået i vassførekomsten, jf. figur 4. Generelt er sinknivåa høgast i dei djupaste partia av fjorden. Det skjer og ei akkumulering av sink under og like ved merdane i akvakulturanlegga. Utsleppa frå akvakultur er utrekna til 0,12 kg sink per tonn fisk som blir produsert. I eit landbasert anlegg der det skjer oppsamling av spillfôr og fiskeavføring, vil utsleppa vere lågare. Statsforvaltaren sin utrekning har estimert sinkutsleppa frå landbasert matfiskoppdrett med slamoppsamling til å vere i storleiken 90 g sink pr tonn fisk som blir produsert.



Figur 4: Sinkmålingar i vassførekomsten Fensfjorden registrerte i Vannmiljø.no.

Sinkmålingane i Fensfjorden syner og at dei høgaste målingane er gjort i nærleiken av oppdrettsanlegga, jf. figur 5. Det kan og vere forklaringa på at det har blitt gjort høgare målingar dei siste åra.



Figur 5: Sinkmålingar i Fensfjorden registrerte i Vannmiljø.no. Tilstandsklassane er nyanserte i mørk (låg verdi) og lys farge. Dei høgaste registreringane ligg nær oppdrettsanlegga.



På nasjonalt nivå kjem dei største sinkutsleppa frå offeranodar og frå galvaniserte produkt, sinkplater, botnstoff og maling. Samla omsetnad av desse produkta var i 2002 på 13 825 tonn². Vi har ikkje tal på kor mykje som endar som utslepp til sjø.


Straummåling

Straummålinga frå 2004 på eit punkt om lag 150 meter frå land syner at straumtilhøva på lokaliteten er prega av tidevass-styrt straum som går både inn og ut fjorden. Straumen har låg retningsstabilitet med Neumannparameter frå 0,024 (2 meter djupne) til 0,067 (60 meter djupne). Resultantstraumen på 30 og 60 meter djupne går mot nord-vest (ut fjorden).

Spreiingsmodelleringa byggjer på både teoretisk modellering av straum og strauummålingar. Modelleringa syner at næringssalta vil spreie seg i begge retningar frå utsleppspunktet, men med hovudspreiinga inn fjorden. Det samsvarar med den generelle erfaringa med straumbilete i fjordar på vestlandet der hovudstraumretninga går inn fjorden på sørsida og ut fjorden på nordsida.

Sjøvassinntak og utsleppspunkt

Modelleringa av spreining av partiklar og næringssalt syner at spreininga vil skje i to retninga, både ut og inn fjorden, men i størst grad innover fjorden. Avstanden mellom utsleppspunktet og inntakspunktet er kring 450 meter, jf. figur 6.



Figur 6: Sjøvassinntaket og utsleppspunktet ligg i kort avstand frå kvarandre, men på ulike djupner.

Statsforvaltaren ser at det er kort avstand mellom inntakspunktet og utsleppspunktet. Inntaksvatnet frå 80 meter vil til ein kvar tid vere tyngre enn vatnet ved utsleppspunktet, som følgje av høgare salinitet og lågare temperatur. Rekna ut frå opplysningane i søknaden kan vektskilnaden på det meste vere så stor som 0,3 % når utsleppsvatnet har eigenvekt på 1,027 (nær 35 ‰ og 8,5 °C) og vatnet ved utsleppspunktet har eigenvekt på 1,024 (nær 32,3 ‰ og 14,5 °C). Når strauummålinga syner at det kan vere periodar på opptil 36 timar med straumstille eller tilnærma straumstilla, vil vi

² Statens Forurensningstilsyn: TA-2040/2004 Miljøgifter i produkter.



tru det kan vere risiko for at utsleppsvatnet søkk ned til inntakspunktet. Vi vil her syne til Mattilsynets sin vurdering av biosikkerheit.

Spreiingsmodellen for organisk materiale kan verifiserast ved å ta sedimentprøvar og måle på sinkinnhaldet.

Andre verdiar for natur og friluftsliv i området

Mongstad er eit stort industrifelt og er i liten grad nytta til friluftsliv. Oppdrettsanlegget blir plassert inne i feltet og gir inga endring i arealbruk i området.

Klagerett

ABP Aqua Mongstad AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Utsleppsløyve for ABP Aqua Mongstad AS på lokaliteten Mongstad

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
ABP AQUA MONGSTAD AS	c/o Asset Buyout Partners AS Postboks 1537 Vika	0117	OSLO



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 19.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	45177 Mongstad*
Produksjonskapasitet	11 200 tonn årleg produksjon av settefisk og matfisk av laksefisk
Kommune og fylke	Alver i Vestland
Verksemd	ABP Aqua Mongstad AS
Postadresse	c/o Asset Buyout Partners AS, postboks 1537 Vika, 0117 Oslo
Org. nummer	928 786 994 (føretaksnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2023.0719.T	4626.01875.01	22/11171- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
60° 47,946' N 05° 03,980' Ø	0261040101-11-C	Ytre Sogn

Løyve gjeve fyrste gong: 08.05.2023	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova:	Dato for siste endring: 05.10.2023
Sissel Storebø seksjonsleiar	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Innhaldsliste

1.	Rammevilkår	4
2.	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.6	Internkontroll	5
3	Utslepp til vatn	5
3.1	Utsleppsavgrensingar	5
3.1.1	Organisk belastning	6
3.1.2	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel	6
3.2	Diffuse utslepp	6
3.3	Kjølevatn	6
3.4	Sanitæravløpsvatn	6
3.5	Mudring	7
4	Utslepp til luft	7
4.1	Lukt	7
5	Grunnforureining og forureina sediment	7
6	Kjemikal	7
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel	8
6.2	Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten	8
7.	Støy og lys	8
7.1	Støy	8
7.2	Lys	9
8.	Energi	9
9.	Avfall	9
9.1	Generelle krav	9
9.2	Handtering av farleg avfall	10
9.2.1	Generelle krav til handtering	10
9.3.	Handtering av produksjonsavfall og slam	10
9.4	Plast	10
10.	Deponi for eige avfall	10
11.	Utsleppskontroll og journalføring	10
11.1	Utsleppskontroll og journalføring	10
11.2	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data	11
12	Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren	11
12.1	Krav til gransking av organisk belastning	12
12.1.1	Tilleggsgranskningar ved redusert tilstand	12
12.1.2	Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad	12
12.2	Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff	13
12.2.1	Gransking av stoff i samband med resipientgransking	13
12.2.2	Tilleggsgranskningar ved overskriding av grenseverdiar	13
12.2.3	Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand	13
12.3	Hydrografimålingar	14
12.4	Strandsonegransking	14
12.5	Makroalgegransking	14
12.6	Kartlegging/Vurdering/Overvaking av sårbar natur	14
12.8	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	15
12.8.1	Rapportering av miljøgranskningar, planar og tiltak	15
12.8.2	Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	15
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	15
13.1	Miljørisikoanalyse	15
13.2	Førebyggjande tiltak	16
13.3	Beredskapsanalyse	16
13.4	Beredskapsplan	16
13.5	Beredskapsetablering	16
13.6	Øving av beredskap	16
13.7	Varsling av akutt forureining	16
14.	Utskifting av utstyr	17
15.	Eigarskifte	17
16.	Nedlegging	17
17.	Tilsyn	17

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.118

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar
1	05.10.2023	1	Presisering av ramma for løyvet
		3.1	Endra grenser for 1. modul og langtidsgrense

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå landbasert produksjon av settefisk og matfisk laks.

Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 1800 tonn settefisk og postsmolt, og 43.000 tonn matfisk på lokaliteten. Utsleppsløyvet er gitt under føresetnad av trinnvis utbygging av anlegget i 4 steg slik det er omtalt i søknaden.

Utbygging av anlegget skal skje i takt med resultatane av overvaking av effekten av utsleppa på resipienten. Første trinn for evaluering av resipientkapasiteten skal gjerast etter at 1. modul er på plass - eller når årleg produksjon har nådd 11.200 tonn.

Utsleppsløyvet skil ikkje mellom produksjon av settefisk, postsmolt og matfisk.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 13. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 17.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

Utsleppspunktet ligg på 30 meter djupne med georeferansar 60°48,088 N, 5° 3,882 A.

3.1 Utsleppsavgrensingar

For produksjonen i første modul gjeld følgjande utsleppsgrenser synt i tabell 3.1. Det må presiserst at utsleppsgrensene er basert på søknaden som oppgir 15 % utsleppsreduksjon på nitrogen, og utrekningane som er gjort av Statsforvaltaren. Utsleppsgrensene skal justerast før trinn 2 (modul 2) blir tatt i bruk.

Samla årlege utslepp av reinsa avløpsvatn til sjø frå akvakulturproduksjonen ved full utnytting av produksjonsramma skal vere under følgjande utsleppsgrenser:

Tabell 3.1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	Utsleppsgrenser			Gjeld frå
	Første modul* Midlingstid: 1 år	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	357 tonn/år	1434 tonn/år	32 kg/tonn fisk	05.10.2023
Total fosfor (tot-P)	54 tonn/år	2151 tonn/år	4,8 kg/tonn fisk	05.10.2023
Total organisk karbon (TOC)	1131 tonn/år	4525 tonn/år	101 kg/tonn fisk	05.10.2023

* Utbygging av 1. modul for årleg produksjon av 11200 tonn, ** Utslepp per tonn produsert biomasse

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking av resipienten (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i resipienten (klassifiseringspunktet) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøvestasjon som ligg mellom utsleppspunktet og ytterpunktet) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

Dersom hydrografimålingar, jf. punkt 12.3, syner at tilstandsklassen for oksygen er dårlegare enn «god» og utslepp frå akvakulturanlegget bidreg til dette, skal verksemda gjere tiltak for å betre oksygentilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

Strandsona og grunne område³ i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i punkt 3.1.1 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom føret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at stoff som nemnt i vassforskrifta⁴ vedlegg VIII C og D nr. 2, andre EU-utvalde og vassregionspesifikke stoff⁵ over tid blir akkumulert i sedimenta slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i punkt 12.2.

3.2 Diffuse utslepp

Akvakulturanlegget skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er mynde for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsmynde.

³ Grunne område: mindre enn 30 meter djup og som tidvis blir tørrlagt og dermed er synlege.

⁴ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

⁵ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota](#)

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget skal drivast slik at luktulempar til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Dette gjeld også for bruk av tenesteleverandørar.

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar på landbasen skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar til å til ei kvar tid halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁶, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

⁶ Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁷.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda pliktar å vurdere alternative metodar for å førebyggja sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlninga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at det ikkje fører til nemneverdige støy- og lysulemper for omgjevnadene. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast slik at det ikkje fører til støy-, lukt- og lysulemper.

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) L_{AFmax}
Kvardagar: 55 dB Laurdagar, sundagar og heilagdagdar: 50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

L_{pAekvT} : medel (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T

L_{AFmax} : medel A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

⁷ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁸ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

7.2 Lys

Lys som blir nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Verksemnda skal ha eit system for energileiing i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. vilkår 2.6. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemnda skal reduserer risiko for marin forøpling mest mogleg. Verksemnda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsetje i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til omgjevnadane. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader⁹.

I tillegg gjeld følgjande:

- All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
- Verksemda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra.
- Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
- Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
- Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke¹⁰ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18

9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

9.4 Plast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå fôrslangar til nøter og tauverk.

10. Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11. Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll og journalføring

Verksemda pliktar å systematisk å kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

Følgjande punkt skal journalførast:

- Årleg produksjon (årleg biomasseproduksjon)

⁹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-8

¹⁰ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.

2. Årleg fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn, konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta¹¹ vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff)
3. Årleg kjemikalieforbruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
4. Årleg legemiddelforbruk (legemiddeltype, produktnamn, mengd, forbruksperiode og tilbakehaldingstid)
5. Årleg svinn (daudfisk, tap av fisk og leveransemottakar)
6. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta inkludert frå transport, lossing, lasting, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, namn og adresse til personar som har meldt frå.
7. Rapportar frå gjennomført miljøgranskingar

Journalen skal oppbevarast i fem år.

11.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Statsforvaltaren via www.altinn.no. Rapporten skal innehalda følgjande data:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. daudfisk
2. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype
3. Årleg mengd oppsamla slam, målingar av innhald av tørrstoff i slammet og målingar av innhald av nitrogen, fosfor og TOC i tørrstoffet.
4. Fôret sitt handelsnamn og eventuell konsentrasjon av stoff nemnt vassforskrifta vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff
5. Årleg forbruk av legemiddel: type, produktnamn, mengd og forbruksperiode
6. Årleg svinn: daudfisk, tap av fisk og leveransemottakar

Ved samlokalisering skal det sendast inn ein felles rapport.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar i resipienten av sin aktivitet og korleis utslepp frå verksemda i dag og ev. tidlegare utslepp påverkar tilstanden (økologisk og kjemisk) i vassførekomsten.

Overvakinga skal tilpassast storleiken på utsleppa. Verksemda skal **innan 01.01.2025** eller når biomasseproduksjonen overstig 500 tonn lage eit framlegg til overvaksingsprogram som skal godkjennast av Statsforvaltaren. Overvaksingsplanen skal koordinerast med det pågåande felles overvaksingsprogrammet for Fensfjorden i regi av Statsforvaltaren som går fram til juni 2025. Overvaksingsplanen må samkøyrast med verksemda sin plan for opptrapping av produksjonen frå ramma i tidlegare løyve til ny ramme.

Overvakinga skal som eit minimum omfatte granskingane som er spesifiserte i punkta nedanfor. Den må også ta omsyn til føringar frå vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking¹², for både kjemiske og biologiske kvalitetselement, jf. rettleiar 02:2018 om klassifisering av miljøtilstand i vatn, kapittel 9, tabell 9.1.

Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga. Verksemda må sjølv setje i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Overvakinga skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med overvaksingsprogrammet.

¹¹ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

¹² <https://www.vannportalen.no/veiledere/>

Dersom overvakinga syner at den økologiske tilstanden i influensområdet til anlegget er dårlegare enn god, skal verksemda lage ein eigen tiltaksplan for betring av miljøtilstand. Denne planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapport frå miljøgranskingane er motteken, jf. punkt 12.8.

12.1 Krav til gransking av organisk belastning

Verksemda skal sørge for at trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla og i sedimenta på sjøbotn blir gjennomførte. Granskingane skal gjennomførast av uavhengige, akkrediterte organ som er akkreditert for følgjande metodar¹³: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkningar.

Overvakinga skal skje på faste overvakingpunkt og skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, vasskjemi (tot-N, tot-P) og klorofyll.

Resipientgranskingane som omtalt over skal gjerast minimum kvart 4. år. Frekvens må og tilpassast oppskaleringa av anlegget slik at resipientgranskingane er klare før utsleppsløyvet skal justerast.

12.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert tilstand

Viss ei resipientgransking syner at den økologiske tilstanden i resipienten er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i overgangssona er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgranskingar i samsvar med eigen plan for betring av miljøtilstand. Denne planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapport frå resipientgranskinga er motteken, jf. punkt 12.8.

12.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad

Dersom rapportar frå tilleggsgranskingar jf. punkt 12.1.1 syner at utslepp frå verksemda bidreg til den reduserte miljøtilstanden i overgangssona, skal det lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak i samsvar med plan for betring av miljøtilstanden.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultatata frå tilleggsgranskingar er motteken. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

12.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff

12.2.1 Gransking av stoff i samband med resipientgransking

I samband med resipientgranskinga beskrive i punkt 12.1 skal det samtidig bli teke tre sedimentprøvar frå kva prøveasjon. Sedimentprøvane frå den enkelte prøveasjonen skal analyserast for innhald av stoff som nemnt i forskrift 15. desember 2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltning vedlegg VIII C og D nr. 2 og som har blitt sleppt ut på lokaliteten etter førre gransking jf. punkt 12.6.

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff¹⁴, skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

Sedimentprøven nærast utsleppspunktet skal i tillegg analyserast for følgjande støtteparametre: partikkelfordeling, totalt organisk materiale, totalt organisk karbon og total nitrogen.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

¹³ Jf. <https://www.akkreditert.no>

¹⁴ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – punkt 1.6](#)

12.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier

Dersom resultatata frå tilleggsgranskingar jf. punkt 12.2.1 syner at konsentrasjon av stoff nemnt i første ledd i blandeprøva frå stasjon lengst frå utsleppspunktet overstig grenseverdiane for tilstandsklasse II i rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn¹⁵, skal det utførast fleire granskingar. Det same gjeld om konsentrasjonen av dei nemnte stoffa i første ledd i blandeprøva frå ein av dei andre stasjonane overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.

Det skal lagast ein plan for granskingane som skal gjerast i samsvar med rettleiar for risikovurdering av forureina sediment¹⁶ og rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Granskingane skal gjerast for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast drifta av akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultatata frå granskingane er klare. Resultata frå tilleggsgranskingane skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

12.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand

Verksemnda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden om tilleggsgranskingane jf. punkt 12.2.2 syner at utslepp frå verksemnda av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff, bidreg til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømål fastsett i samsvar med vassforskrifta, eller at gravande botndyr ikkje kan eksistera i anleggssona, overgangssona eller resipienten.

Tiltaksplan skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultatata frå tilleggsgranskingar er klare. Statsforvaltaren kan pålegga verksemnda å utføre ytterlegare tiltak.

12.3 Hydrografimålingar

Oksygenmålingar (hydrografiske profilar) i det djupaste partiet av Fensfjorden skal inngå i overvåkingsprogrammet. Målingane skal gjerast av kompetent, uavhengig organ.

Det skal lagast ein rapport frå overvakinga med ein fagleg vurdering av resultatata. Dersom resultatata av overvakinga syner at tilstanden for oksygen er dårlegare enn «god» og utslepp frå akvakulturanlegget bidreg til dette, skal rapporten innehalda ei vurdering om det trengst å gjennomføre tiltak for å betre oksygentilstanden.

12.4 Strandsonegransking

Verksemnda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget eller tilhøyrande landbase. Eventuelt avfall skal fjernast.

Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemnda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete. Avfall inkludert marin forsøpling er regulert i punkt 9.1.

Verksemnda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden om synfaringa syner at strandsona er synleg påverka av forureining frå akvakulturanlegget. Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

12.5 Makroalgegransking

¹⁵ [Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

¹⁶ [Veileder M-409 2015 Risikovurdering av forurenset sediment](#)

Verksemda skal overvake tilstanden til makroalgane i strandsone og grunne område¹⁷ i overgangssonen i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta. Makroalgegranskingar skal inngå i overvaksingsplanen.

12.6 Kartlegging/Vurdering/Overvaking av sårbar natur

Før oppstart av drifta i anlegget skal det gjerast ei marinbiologisk kartlegging av sjøbotnen innanfor rekkevidda for utslepp frå anlegget, for å avdekke ev. førekomster av viktige marine naturtypar (jf DN-håndbok nr 19). Ei plan for kartlegginga skal sendast Statsforvaltaren for eventuelle merknader seinast 3 veker før kartlegginga er planlagt starta. Ev. funn skal følgjast opp med ei risikovurdering og framlegg til overvaking eller andre tiltak for å redusere risikoen for vesentleg skade på naturmangfaldet. Kartlegginga og vurderinga skal utførast av kompetent og uavhengig organ, og rapport skal sendast Statsforvaltaren så snart resultatata er klare og seinast 4 veker før oppstart av produksjonen som medfører utslepp.

Dersom overvakinga syner teikn til skade på sårbart naturmangfald som følgje av utslepp frå anlegget har Statsforvaltaren høve til å endre løyvet og om naudsynt trekke det attende.

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Statsforvaltaren finner dette naudsynt for å kartlegge anlegget si forureiningseffekt på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan og bli pålagt å betale en forholdsmessig del av kostnadane ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemdar med liknande utslepp i området.

12.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

12.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren via [Altinn](#).

Under er det gitt ei enkel oversikt over kva som skal sendast inn. Nærare informasjon om kva som skal sendast inn og kva frist som gjeld er spesifisert i delkapittel til punkt 12.

1. Rapport frå C-gransking, jf. punkt 12.1
 - a. Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.1.1 og 12.1.2
2. Rapport frå miljøgranskingar av stoff, jf. punkt 12.2.1
 - a. Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.2.2 og 12.2.3
3. Plan og rapport frå hydrografimålingar, jf. punkt 12.3
4. Tiltaksplan for strandsonegransking, jf. punkt 12.4
5. Plan for makroalgegransking jf. punkt 12.5
6. Plan og rapportar frå kartlegging av sårbar natur, jf. punkt 12.6

12.8.2 Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12, bortsett frå punkt 12.4 strandsonegransking skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹⁸ seinast innan 1. mars året etter at granskinga er gjort. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald under punkt 12.5 og 12.6 skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

¹⁷ Grunne område: mindre enn 30 meter djup og som tidvis blir turrlagde og dermed er synlige. For lokaliteten Mongstad vil aktuelt område vere det som er synleggjort i spreingsmodelleringa.

¹⁸ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskaperen
- b. naudsynt beredskapsutstyr
- c. naudsynt mannskap
- d. responstid

Beredskaperen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskaperens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskaperen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift¹⁹. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvalteren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

¹⁹ [Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269](#)

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemda sine utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift²⁰. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

²⁰ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorete bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkyfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsyklusheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklusotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350